



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/956 - 16/4702

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
09.03.2016

Godkjenning- Søknad om igangsettingsløyve for GBNR 24/126 på Langeland - tilleggsopplysningar VA

Administrativt vedtak. Saknr: 65/2016

SAKSUTGREIING:

Arkitektkontoret Børtveit og Carlsen har i søknad journalført 2.3 og 9.3.2016 søkt om igangsettingsløyve av heile tiltaket for oppføring av einebustad med hybel på gbnr 24/126 i Torvvegen i Meland kommune.

Rammeløyve er gitt i DNT- sak 441/2015 brevdato 21.12.2015.

VURDERING:

Planstatus:

Eigedommen er i Reguleringsplan for Langeland avsett til bustader med tilhøyrande anlegg inannfor byggeområde B5, jf arealplanID 1256 2003 1126. Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Det er ikkje trong for ny nabovarsling.

Det ligg føre avtale mellom heimelshavar av gbnr 24/7, som gjev gbnr 24/126 løyve til å leggje avlaupsledning over gbnr 24/7.

Ansvarsrettar:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for heile tiltaket for oppføring av einebustad med hybel på gbnr 24/126 i Torvvegen i Meland kommune i samsvar med søknad journalført 2.3.2016.

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkelova.

Byggeløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9

Meland kommune godkjenner at eigedomen vert tilknytt kommunalt VA-anlegg på følgjande vilkår:

- Tilknytninga skjer på dei vilkår som kommunen har fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, Kommuneforlaget.
- Tilknytninga skal skje i kum. Melding med dokumentasjon frå utførande røyrleggjar skal sendast kommunen når tilknytninga er utført.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ. Pr 1.1.2016 er tilknytingsgebyret for vatn kr 15 000,- og for kloakk kr 15 000,- + mva».

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:
24126

Mottakere:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen Hagellia 6
AS

5914

ISDALSTØ